



# Retningsliner for søknader om tilskot til bygging og ombygging av skogsvegar i Seljord kommune

Sist godkjent av Seljord kommune 08.02.2023 med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, fastsatt av Landbruks- og matdepartementet 04.02.2004, sist enda ved FOR-2020-12-21-3044 fra 01.01.2021*

## Innhold

1.	Bakgrunn .....	2
1.1	Regelverk .....	2
1.2	Informasjonskjelder .....	3
2.	Krav til søknaden .....	3
2.1	Byggeplan .....	3
2.1.1	Senterline .....	3
2.1.2	Detaljkart .....	4
2.1.3	Lengdeprofil .....	4
2.1.4	Tverrprofilar for massebereking .....	4
2.1.5	Arbeidsskildring .....	4
2.1.6	Vegbredde, kurvatur og breiddeutviding .....	4
2.1.7	Stikkrenneplan .....	4
2.1.8	Spesifisert kostnadsoverslag på grunnlag av mengdeoversikt .....	4
2.1.9	Gjennomføring av bygging .....	5
2.1.10	Avtaler ved fellestiltak .....	5
2.2	Oversiktskart .....	5
2.3	Lønsemdberekning .....	5
2.4	Godkjenning .....	5
2.5	Stikkrenner .....	5
2.6	Byggestar .....	5
3.	Prioritering av skogsvegar med tilskot .....	5
3.1	Vegstandard .....	6
3.2	Traktorvegar .....	6
3.3	Lønsemد .....	6
3.4	Skoginteresser i vegen .....	6
3.5	Samarbeidstiltak .....	6
3.6	Strekningsvis og punktvis ombygging (flaskehalsutbetring) .....	6
4.	Fastsetting av prosentsats for tilskot .....	6
4.1	Produktivt skogareal .....	6
4.2	Kubikkmasse .....	6
4.3	Vegklassar for bilvegar og byggeteknikk .....	6

4.3.1 Heilårs bilveg – prioritet 1 .....	7
4.3.2 Bilvegar med avgrensingar i teleløysning- og nedbørsperiodar – prioritet 2 .....	7
4.3.3 Sommarbilveg for tømmerbil utan hengar berekna for tømmertransport utelukkande i barmarksperioden .....	7
4.4 Byggeteknikk og kvalitet .....	7
4.5 Traktorveg i vegklasse 7 .....	7
4.6 Bruer .....	7
4.6.1 Trebruver .....	7
4.7 Lønnsemd .....	7
4.8 Samarbeidstiltak .....	7
4.9 Tilskotsnivå .....	7
5. Andre tilhøve og føresetnader for tildeling av tilskot .....	8
5.1 Vegplanleggjar .....	8
5.2 Områdeplanlegging .....	8
5.3 Tiltak på delar av skogsveganlegg .....	8
5.4 Avkjøringslommer .....	8
5.5 Driftsvegar .....	8
5.6 Minimumskostnad .....	8
6. Fristar for innsending og handsaming av søknader .....	8
7. Innsending av søknad om tilskot .....	9
7.1 Søknad frå skogeigar(ar) .....	9

## 1. Bakgrunn

Kommunane fekk frå 01.01.2020 overført oppgåver med forvaltning av tilskot til skogsvegar og drift med taubane o.a., jf. endringsforskrift fastsatt 04.10.2017 av Landbruks- og matdepartementet med heimel i skogbrukslova.

### 1.1 Regelverk

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket inneholder bl.a. følgande om tilskot til vegbygging, jf. forskriftens § 3, § 5 og § 9:

- Det kan gjevast tilskott til nybygging eller ombygging av gjeldande skogsvegar når dette hjelper til heilsaksløysingar som gjer grunnlag for utnytting av skog- og utmarksressursane.
- Det vert berre gjeve tilskot til vegar som er godkjent etter den til ein kvar tid gjeldande forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar (landbruksvegforskrifta), eller etter plan- og bygningslova sine avgjerder.
- Vegane skal byggjast i samsvar med gjeldande normalar for landbruksvegar med byggjeomtale, fastsette av Landbruksdepartementet 1. juni 2013 med endringar august 2016.
- Før anleggsarbeidet vert sett i gong skal det ligge føre ein byggjeplan godkjend av kommunen.
- Det er eit krav at vegen vert vedlikehalden til den standard som den opphavleg blei bygd.
- Det kan setjast vilkår for utbetaling av tilskot til dei einskilde tiltak, vilkåra må vere i samsvar med føremåla til tiltaka.
- Ved fellestiltak skal det ligge føre ein skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader og ansvar i samband med tiltaket sin gjennomføring, og evt. vilkår som vert knytt til seinare oppfølging og vedlikehald.
- Det kan fastsetjast søknadsfrist når det er føremålstenleg ut frå prioritering av tilskott.

- Utgifter til planlegging som står i rimeleg tilhøve til kostnadene med tiltaket, kan inngå i tilskottsgrunnlaget.
- Minst 10 % av tilskottet vert tilbake halde inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskapen er godkjent.

Handsaming og prioritering av søknadene skal samstundes føregå ut frå formåla til forskrifta, jf. *forskriftens § 1 som inneholder følgende:*

*«Formålet med tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket er at det ut fra regionale og lokale prioriteringer blir stimulert til økt verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdier knyttet til biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivaretatt og videreutviklet.»*

## 1.2 Informasjonskjelder

Informasjon om planlegging, søknader om bygging, søknader om tilskot og gjennomføring av bygging mv. er tilgjengeleg på følgande nettsteder:

- Landbruksdirektoratet – [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no)
- Skogkurs – [www.skogsvei.no](http://www.skogsvei.no)

## 2. Krav til søknaden

Søknad om tilskot til vegbygging skal skrivast på skjema LDIR-903 (SLF-903) utarbeid av Landbruksdirektoratet (LDIR) [www.landbruksdirektoratet.no](http://www.landbruksdirektoratet.no), jf. [lenke til skjema LDIR-903](#).

Søknaden skal innehalde følgande:

### 2.1 Byggeplan

Byggeplan for skogsvegen skal godkjennast av kommunen og leggast ved søknaden om tilskot.

Byggeplanen skal innehalde viktige detaljer for gjennomføring av prosjektet, byggekvalitet og

kostnader. Krav til innhaldet og detaljeringsgrad i byggeplanen vil variere med storleik og

vanskegraden av prosjektet, jf. krav til byggeplan på skjema *LDIR-903 Søknad om tilskudd til*

*veibygging.*

Ein byggeplan skal innehalde arbeidsskildring, oppgåve over planlagt tjukkleik på bærelag og evt. forsterkingslag og avrettingslag, massekvalitet, massesortiment og spesifisert kostnadsoverslag.

«Normaler for landbruksveier med byggebeskrivelse» frå Landbruks- og matdepartementet er å oppfatte som minimumskrav i dei enkelte vegklassene, mens byggeplanen i tillegg skal ta omsyn til lokale forhold og byggeteknikk. Bruer skal innehalde naudsynte skisser og teikningar av brukar og bru og syne lengde og vert bygd og dimensjonerast i samsvar med typeteikningar for bruer på landbruksveger utgjeve av *Skogkurs, Statens Vegvesens Håndbok 185 og Inspeksjon av bruer på landbruksveier – Håndbok (utgitt av Skogkurs)*.

Byggeplan som ligg til grunn for søknaden om tilskot bør vera utarbeid av vegplanleggar eller personar med tilsvarande kompetanse og skal kvalitetssikrast av kommunen og innehalde følgande:

#### 2.1.1 Senterline

For nyanlegg: Stukken senterline i terrenget, dokumentert og teikna inn på kart.

For ombyggingar: Stukken senterline berre der kor vegen fråviker eksisterande trasé.

## 2.1.2 Detaljkart

Kart med vegen teikna inn på detaljkart i målestokk 1:10 000 eller større.

## 2.1.3 Lengdeprofil

Lengdeprofil kan utelatast frå byggeplan for vegar utan kritiske stigningsforhold. Med kritiske stigningsforhold meiner vi stigningar nærmare maksimal tillaten stigning enn 2 %. På rette strekningar under 60 meter kan lengdeprofil utelatast uavhengig av stigning.

## 2.1.4 Tverrprofilar for massebereking

For mindre anlegg kan det gjerast unntak frå desse vilkåra.

## 2.1.5 Arbeidsskildring

Detaljert arbeidsskildring kan erstattast av generell tverrprofil med info om massekvalitet og lagtjukkleik for berelag og evt. forsterkingslag og avrettingslag for heile vegen eller for dei enkelte strekningar med lik oppbygging og byggemetode.

## 2.1.6 Vegbredde, kurvatur og breiddeutviding

Der det av ulike årsaker er krav til breiddeutviding jf. vegnormalene så skal dette skildrast i arbeidsskildringa. Dette vil i praksis omfatte følgande tilfelle:

- Horisontalkurver (sving) med radius mindre enn 60 meter. Her skal målt kurveradius og kurvelengde, samt nødvendig vegbredde koma fram.
- Ved fyllingshøgde på meir enn 2 meter så skal vegbredda aukast med 0,5 meter til 4,5 meter.
- Ved stigning på meir enn 12% i vegklasse 4 og meir enn 14% i vegklasse 5 skal vegbredda aukast med 0,5 meter til 4,5 meter.
- Avkjøringar.
- Snuplassar (både rundkjøringar og vendehammar)

Minste tillate radius for vertikalkurver er 100 m i lågbrekke og 200 m i høgbrekke.

Der det må gjerast tiltak for å tilfredsstille nemnde krav i vegnormalene så må dette gå fram av arbeidsskildringa, dokumenterast på kart og skildrast med pel nr frå og til.

## 2.1.7 Stikkrenneplan

Stikkrenneplanen skal syne plassering av stikkrenner, dimensjon og skråstilling på detaljkart.

## 2.1.8 Spesifisert kostnadsoverslag på grunnlag av mengdeoversikt

Spesifisert kostnadsoverslag skal fyllast ut på rekneark eller skjema utarbeid av Fylkesmannen i Vestfold og Telemark (jf. [www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark](http://www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark)) eller anna oppsett med spesifikasjonar tilsvarande skjema «*Anbud for utførelse av skogsveianlegg*» (utgitt av Skogkurs) og «*Normalkontrakt for utførelse av skogsveianlegg*» (utgitt av Skogkurs).

Kostnadsoverslag ut frå byggekostnad pr. løpemeter (l.m.) vert nytta der denne kostnaden kan vert sett ut frå byggemetode, byggeplan med spesifisert mengde, einingar og lokalt prisnivå.

### **2.1.9 Gjennomføring av bygging**

For gjennomføring av skogsvegprosjekt er det naudsynt med byggeleiing med oppfølging av prosjektet underveis. Person eller føretak som er ansvarleg for byggeleiing skal merkast av i søknaden, anten dette er vegplanlegger, føretak eller annan person.

### **2.1.10 Avtaler ved fellestiltak**

Når vegar vert bygd som fellestiltak skal det føreligge ei skriftleg avtale mellom deltakarane om fordeling av kostnader og ansvar i samband med gjennomføring av tiltaket. I tillegg skal det settast vilkår for korleis oppfølging og vedlikehald av vegen skal følgast opp.

## **2.2 Oversiktskart**

Kart i målestokk 1:50 000 med avmerkt skogområde som veganlegget omfattar, heile nytteområdet med eldre vegar i eller nær området, vegens startpunkt (merkes 0) og vegens endepunkt (merkes X), jf. også *søknadsskjema LDIR-903 for detaljert inntegning*.

### **2.3 Lønsemdbereking**

Lønsemdbereking skal minimum innehalde økonomisk resultat av vegbygginga ut frå forventa inntekter av tømmer i vegens dekningsområde fråtrukke driftsutgifter og vegkostnader. For lønsemdbereking vert det nyttja forslag *til enkelt regneark for lønnsomhet ved bygging og ombygging av skogsveianlegg utarbeid av Fylkesmannen i Vestfold og Telemark* ([www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark](http://www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark)) eller annen berekning.

### **2.4 Godkjenning**

Godkjenning av søknad om bygging eller ombygging av skogsvegen skal føreligge før tildeling av tilskot.

### **2.5 Stikkrenner**

Stikkrenner skal dimensjonerast etter nedbørs- og avrenningstilhøve ved minst 25 – 50 årsflommen (Q<sub>25-50</sub>) i det aktuelle området. Minste tillatne indre diameter vert sett til 400 mm sidan Vestfold og Telemark inneheld nedbørrike område og store deler av skogsbilvegnettet er knytt til bratt terren. I risikoområde for lausmasseskred er det viktig å bruke kort avstand mellom stikkrenner, rør med tilstrekkeleg dimensjonar og samtidig søke å oppretthalde naturlege vassvegar. Det kan unntaksvis tillatast indre diameter ned til 300 mm i kystnære område aust i regionen utan fare for skred, med korte lier, avgrensa nedbørsfelt og med låg fare for skadar som følge av flom og nedbør.

### **2.6 Byggestart**

Bygging av nye og ombygging av skogsvegar skal ikkje vera påbyrja før søknad om tilskot er handsama av kommunen. Kommunen kan i spesielle tilfelle gje førehandsgodkjenning til igangsetting av byggearbeida når søknad om tilskot med byggeplan ligge føre.

## **3. Prioritering av skogsvegar med tilskot**

Seljord kommune legge særskilt vekt på følgande tilhøve for prioritering av søknader om tilskot til bygging av skogsvegar, jf. forskriftens § 3:

### **3.1 Vegstandard**

Høgast tilskot vert prioritert til skogsbilvegar med høg bereevne for transport med tømmerbil med hengar heile året (med føresetnad at vegen er fri for is og snø). Dette er landbruksvegar i vegklasse 3 og 4, skogsbilvegar som skal tåle trafikkbelastrinng av tunge kjøretøy, høg utkjøringsintensitet frå skogsdrifter med stor mengde tømmer og som gir permanente vinar med lågare framtidige vedlikehaldskostnader.

### **3.2 Traktorvegar**

Det kan gjevast tilskot til heilårs traktorvegar, vegklasse 7, med viktig tilkomstfunksjon. Med viktig tilkomstfunksjon meiner vi tilkomstvegar (basvegar) som dekker eit heilskapleg skogområde for ein eller fleire skogeigedommar og planleggast brukt for årvis drift av skogen.

### **3.3 Lönsemد**

Skogsvegar som ikkje gjev grunnlag for rekningssvarande drift på kort eller lang sikt, inkludert vegens byggekostnader, skal normalt ikkje tildelast tilskot.

### **3.4 Skoginteresser i vegen**

Andel skogbruksinteresser i skogsvegen vert prioritert med tilskot framfor andre landbruksinteresser. Skogsvegar som blir mogleg å bygge som følge av bidrag frå andre interesser vert prioritert dersom andre interesser ikkje legg vesentleg avgrensing på bruk av vegen til skogbruk og skogsdrift, og økonomisk drivbar skog utgjer ein viktig del av vegens dekningsområde.

Skogbruksinteresser utgjer tilskotsgrunnlaget for skogsvegen.

### **3.5 Samarbeidstiltak**

Hovudtilkomstvegar og fellesanlegg med fleire interessentar vert prioritert med auka tilskotsats når desse vegane er strategisk viktige for å utløse skogbruksaktivitet.

### **3.6 Strekningsvis og punktvis ombygging (flaskehalsutbetring)**

Strekningsvis og punktvis ombygging av eksisterande vinar som elles tilfredsstiller krava til aktuell vegklasse vert prioritert med tilskot.

## **4. Fastsetting av prosentsats for tilskot**

Tilskotsbeløpet vert utrekna ut frå ein fastsatt prosentsats for det enkelte veganlegg. Prosentsatsen kan variere mellom dei enkelte år avhengig av søknadsmengde og tilgjengelige midlar for Vestfold og Telemark. Ved fastsetting av storleik på prosentsatsen for tilskotet skal følgande leggast vekt på:

### **4.1 Produktivt skogareal**

Storleiken på produktivt skogareal i vegens dekningsområde.

### **4.2 Kubikkmasse**

Kubikkmasse i hogstklasse 4 og 5, eldre produksjonsskog og hogstmoden skog, i vegens dekningsområde.

### **4.3 Vegklassar for bilvegar og byggeteknikk**

Tilskotprosenten fastvert sett for de ulike Vegklassar etter følgande prioritet:

#### **4.3.1 Heilårs bilveg – prioritet 1**

Heilårs bilveg med høg standard som skal kunne trafikkerast med lass heile året og når vegen er fri for is og snø. Dette er skogsbilvegar som vert bygd i samsvar med vegklasse 3 og 4 etter Normaler for landbruksveier. Ein heilårs bilveg skal tåle stor trafikkbelastning av tunge kjøretøy i periodar med intensiv utkjøring av tømmer og vert bygd eller vert bygd med sprengt fjell både for forsterking av underbygging og i vegkroppen, og samstundes framstå som eit varig tiltak.

#### **4.3.2 Bilvegar med avgrensingar i teleløysning- og nedbørsperiodar – prioritet 2**

Bilveg som skal kunne trafikkerast med lass heile året med avgrensing i teleløysningsperioden og i periodar med spesielt mykje nedbør. Dette er skogsbilvegar berekna for moderat til lågt trafikkgrunnlag.

#### **4.3.3 Sommarbilveg for tømmerbil utan hengar berekna for tømmertransport utelukkande i barmarksperioden**

Vegklasse 5 må berre vert bygd på stader der det ikkje er teknisk mogleg eller økonomisk forsvarleg å bygge ein høgare vegstandard. Denne vegklassa skal berre vert nytta i unntakstilfelle.

#### **4.4 Byggeteknikk og kvalitet**

Skogsvegar bygd med berlags- og slitelagskvalitet av knust fjell på anten fjellskjering, steinfylling eller duk/geonett blir gjeve prioritet ved fastsetting av tilskotsprosent.

#### **4.5 Traktorveg i vegklasse 7**

Det kan gjevast tilskot til heilårs traktorvegar i vegklasse 7 med viktig tilkomstfunksjon for tilstøytande skogareal. Vegen skal vere varig og kunne brukast av lassberar heile året.

#### **4.6 Bruer**

Ombygging av bruer på eksisterande skogsbilvegnett vert prioritert med tilskot.

##### **4.6.1 Trebruer**

Bruk av tre som byggemateriale i bruer vil bli prioritert med omsyn til tilskotsnivå.

#### **4.7 Lønnsemd**

Skogsvegar der tilskotet bidreg til tilkomst og drift av større samanhengande skogområder med eldre og hogstmoden skog med god lønnsemd, vert prioritert med omsyn til tilskotsnivå. Nyanlegg og ombygging av skogsvegar med særskilt høg lønnsemd vert prioritert lågare

#### **4.8 Samarbeidstiltak**

Skogsveigar kor planlegging og bygging gjennomførast som fellestiltak blir gjeve prioritering ved fastsetting av tilskotsprosent.

#### **4.9 Tilskotsnivå**

Følgande tilskotsnivå vert nytta som retningsgjevande ved fastsetting av tilskotsprosent:

Tiltak	Prosentsats
Heilårs bilveg – stor trafikkbelastning med tunge kjøretøy	30 – 50 %
Bilvegar med avgrensing i teleløysning- og nedbørsperiodar	20 – 40 %
Ombygging av bruer på skogsbilvegar	40 – 60 %

## 5. Andre tilhøve og føresetnader for tildeling av tilskot

### 5.1 Vegplanleggar

I vedtaket om godkjenning av bygging av skogsvegar kan kommunen sette vilkår om at det vert nytta godkjent vegplanleggar ved utarbeiding av byggeplan.

Kommunen kan sette av midlar til dekning av inntil eit dagsverk pr. veganlegg uavhengig av om vegen blir bygd eller ei.

Kostnader til vegplanlegging utover eit dagsverk kan inngå i kostnadsgrunnlaget for berekning av tilskot.

### 5.2 Områdeplanlegging

Ved større områdetiltak kan inntil tre dagsverk av vegplanleggar dekkast for utarbeiding av områdeplan for skogsvegar innafor planområdet.

### 5.3 Tiltak på delar av skogsveganlegg

Tiltak som ombygging av del av skogsveg, som heving av bereevne over strekning, utbetring av kurve, avkjørsel, stigning, vegbredde, stikkrenne, bru mv. kan tildelast tilskot dersom resten av veganlegget har tilfredsstillande standard og vedlikehald, og tiltaket elles oppfyller føremål med tilskot til vegbygging.

### 5.4 Avkjøringslommer

Det kan gjevast tilskot til avkjøringslommer frå offentleg veg der føremålet er opplasting av tømmer. Med avkjøringslomme meiner vi her avkjøring med vendehammar, avkjøring inn til rundkjøring eller einvegs avkjøring inn til og ut frå lunnepllass. Avkjøringslommer skal byggast så både tømmer vert lunna og tømmerbil lastar tømmer i sikker avstand frå offentleg veg. For avkjøringslommer vert det lagt vekt på at planlegginga skjer i samsvar med vegmynde.

### 5.5 Driftsvegar

Driftsvegar får ikkje tilskot.

### 5.6 Minimumskostnad

Minimumskostnad for søknad om tilskot til bygging og tiltak på skogsvegar vert sett til kr 80 000. I særlege tilfelle ved punktopprusting kan dette fråvikast.

## 6. Fristar for innsending og handsaming av søknader

Frist for innsending av søknad til Seljord kommune det enkelte år:

30.mars

Søknader sendt etter 30. mars vert handsama fortløpande.

## **7. Innsending av søknad om tilskot**

### **7.1 Søknad frå skogeigar(ar)**

Skogeigar sender søknad om tilskot med naudsynt vedlegg til kommunen. Der det er fleire interessentar i vegen, skal søknad om tilskot vere signert av alle interessentane.

Søknad om tilskot med vedlegg skal sendast til kommunen gjennom elektronisk dokumentutveksling eller på e-post til:

til:

Seljord kommune  
Brøløsvegen 13A  
3840 Seljord

E-postadresse: [post@seljord.kommune.no](mailto:post@seljord.kommune.no)

Kommunen gjev svar innan 3 veker etter mottatt søknad, svar på når denne blir handsama og evt. andre tilhøve ved søknaden som har betyding for den vidare handsaminga av saka.